

# Referat frå foreldremøtet i 4.klasse 29.4.2014

Til stades: Bjørg, Jan Morten, Anne, Veronica, Marit, Anca og Renate + Selma

- Det er godt klassemiljø med få konfliktrar
- Bjørg oppfordrar foreldra til å passa på at ingen har data, mobil, nintendo, i-pad etc på romma når dei legg seg.
- Dei jobbar godt med mappene, er snart fedige
- Elevane har vorte kartlagde no med M4, Carlsten, Multi og i engelsk. Resultata får me høyra på foreldrekonferansane 12.-13. mai
- Nye retningslinjer for fråver finn me på Myking skule si heimeside/kommunen
- Skulebuss og beltebruk: Får stadig tilbakemelding på at elevane ikkje har belte på seg under *heile* bussturen. Alle foreldra må snakka med borna sine om sikkerhet.
- Året har gått fort, kjempegreie elevar som jobbar og står på. Dei doble øktene er lange – må ha eit avbrekk.
- Neste skuleår vert Annikken Aadneram ny kontaktlærer, og Bjørg startar oppatt med 1.klasse. Skulen veit ikkje kven som vert assistent i klassen enno.
- 5.6.: Stort foreldremøte: Meld frå om nokon har saker.
- Anniken Sylta vert FAU-representant for klassen frå hausten. Veronica er klassekontakt eitt år til.
- 5.-9.mai skal skulen ha ei prosjektveke om Grunnlovsjubileet. Det vert ei annleis og spanande veke.
- 9.mai inviterer skulen foreldra til framsyning og kake klokka 13.30. Me må melda oss på innan onsdag 7.5.
- Elevane har eigne tema/prosjektbøker som dei jobbar i kvar gong det er prosjekt. Brukar same boka kvar gong – spanande å sjå i!
- Bjørg opna opp for ris og ros frå oss foreldre. Me kom med tilbakemeldingar på at borna er nøgde og at Bjørg har gjort ein ryddig og stabil jobb med borna våre. Borna er no klare/modne for mellomtrinnet og noko nytt.
- I det første friminuttet et elevane litt, lenge å venta til klokka 11. Dei tek seg litt frukt/grønt eller nokre bitar av ei skive.
- **Klassekassen er TOM, ALLE TEK MED SEG 200 KRONER innan veke 20**
- Geir Vidar og Veronica snakkar planlegg ei sommaravslutning for klassen

Referent: Renate Rebnord Matre

Myking 29.4.2014